



Tokke kommune
Plan, næring og teknisk etat

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref:	Vår ref	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2021/2088-2	Per Wraa,	K01	17.09.2021

Høyring om lokal forskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag for Tokke kommune

Tokke kommune sender med dette forslag til lokal forskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag for Tokke kommune på høyring.

Høyringsfristen setjast til 01.11.2021. Høyringssvar sendast til postmottak@tokke.kommune.no

Med helsing

Per Wraa
Skog og utmarksrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.



Tokke kommune

Arkiv: K01
 Saksnr.: 2021/2088-1
 Saksbeh.: Per Wraa
 Direkte tlf.:
 Dato: 23.07.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Landbruk, miljø og teknisk utval	21/29	09.09.2021

Lokal forskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag for Tokke kommune

Vedlegg:

- 1 Nytt frå Klima- og miljødepartementet om endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- 2 Endringer i motorferdselloven og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag_1.pdf

Saksdokument:

[Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag \(motorferdselloven\) - Lovdata](#)
[Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - Lovdata](#)
[Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\) - Lovdata](#)
[Ferdselforbud i sjøfuglreservatene fra 15. april | Statsforvalteren i Vestfold og Telemark \(statsforvalteren.no\)](#)

Saksutgreiing:

Det er gjort lovendring i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven) § 5 bokstav a og b. Det er no opna for at kommunane kan lage lokal forskrift der det vert opna for *landing og start med luftfartøy på bestemte stader i utmark og vassdrag og bruk av motorfartøy på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer når det foreligger særlige grunner som i tilfelle må angis i forskriften.*

Det er ein aukande interesse for turistar å ta seg fram med småfly. Nokon av desse nyttar sjøfly. Ved å opne for landing og start med sjøfly på Byrtevatn og Bandak kan ein tiltrekke seg fleire reisande. Naturmangfaldlova §§ 8 til 10 omhandlar omsynet til naturmangfaldet. Det er registrera fleire truga fugleartar ved Tangane friluftsområde mellom anna dvergdykker, bergand, stær, sivspurv, gulspurv og taksvale. I sjøfuglreservat er det vanleg med ferdselforbod mellom 15. april og 15. juli. Av omsyn til desse fugleartane bør start og landing med sjøfly ikkje skje vest for utløpet av Tokke kraftstasjon i perioden 15. april og 15. juli. Køyning inn til Lastein brygge i denne perioden skal skje så skånsamt som mogeleg. Ved Byrtevatn er det ei registrering av

vipe og stær ved Utabjå og ei registrering av taksvale ved Nevahaug. Desse lokalitetane vurderar me til å ikkje kome i konflikt med start og landing av sjøfly.

I brev frå miljødepartementet den 26. april 2021 står det: *Endringene innebærer for det første at kommunene får myndighet til å tillate ferdsel med båt med elmotor på inntil 800 watt på vann som er mindre enn 2 kvadratkilometer. Ved vurderingen skal det legges vekt på hensynet til vannet som levested for viltarter og fugler, og særskilt vekt på hensynet til hekkeområder. Det kan ikke åpnes for motorferdsel som innebærer vesentlig skade på fugleliv.* I Tokke kommune ser me ikkje at opning for slik motorferdsel vil innebere vesentleg skade på fugleliv. Eksempel på vatn i Tokke som er mellom 500 m² og 2 kvm er Kjønnsvikvatnet, Førsvatn, Åmlivatn og Oftevatn. Eit nedtappa Botndalsvatn vil også vere under 2 kvm.

Det er også gjort endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, § 5 bokstav c. Det er i utgangspunktet ikkje avstandskrav i forskrifta for å få slikt løyve. Kommunestyret vedtok hausten 2020 å ha eit prøveår der avstandskravet for å få slikt løyve i Tokke kommune er 200 meter. Dette har fungert bra og det er ynskjeleg at avstandskravet på 200 meter held fram.

Vannskuter er no lov å bruke på lik linje med frididsbåt. Vannskuterkøyring ber preg av lek og støyar meir enn vanleg fritidsbåt. For å unngå konflikt med aktivitetar og turistområda på Lastein bryggekafe og bubilcampingen, ynskjer me ikkje køyring med vannskuter vest for utløpet av Tokke kraftverk.

Forslag til lokal forskrift:

Lokal forskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag for Tokke kommune.

Heimel: Fastsatt av Tokke kommunestyre XX.XX.20XX med heimel i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven) § 4 og § 5.

§ 1. Føremål

Føremål med denne forskrifta er å regulere motorferdsel i utmark og på vassdrag i Tokke kommune. Forskrifta utfyller føresegnar gjeve av lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag, og nasjonale forskrifter gjeve i medhald av lova.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld for heile Tokke kommune

§ 3. Snøskuter

Minsteavstand for å gje løyve etter forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav c setjast til 200 meter frå brøyta veg.

§ 4. Vannskuter

Fritidskøyring med vannskuter er forbode i Bandak vest for utløpet av Tokke kraftverk. Køyring vest for dette området skal berre vere rein transportetappe og skal skje så aktsamt som mogeleg.

§ 5. Sjøfly

I Tokke kommune er det forbod mot å landing og start med sjøfly. Unntatt frå dette forbodet er Byrtevatn og Bandak. Landing og start på desse vatna kan skje utan løyve. I

perioden 15. april til 15. juli skal start og landing med sjøfly på Bandak skje aust for utløpet til Tokke kraftstasjon. Køyning på vatn med sjøfly vest for utløpet av Tokke kraftstasjon skal skje så skånsamt som råd.

§ 6. Motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 kvm

I Tokke kommune tillatast ferdsel med båt med elmotor på inntil 800 watt på vatn som er over 500 m². Tokke kommune merkar auka pågang av sportsfiskerar og slike løyve gjer til at vatna blir meir tilgjengelege. Kultivering av fiskevatn blir enklare ved å nytte seg av motor på båtane.

§ 7. Verneområde

I villreinområde og verneområder kan det setjast spesielle vilkår for alle type løyve, eller løyve kan nektast sjølv om andre vilkår er oppfylt.

§ 8. Handsaming av søknadar

Søknader blir handsama etter det til ein kvar tid gjeldande delegasjonsreglement i kommunen.

§ 9. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Rådmannen si tilråding:

Framlegg til lokal føreskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag for Tokke kommune sendast på høyring.

Saksprotokoll i Landbruk, miljø og teknisk utval - 09.09.2021

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

Vedtak

Framlegg til lokal føreskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag for Tokke kommune sendast på høyring.